


Dalen og folket der noko før og fram til no.

Nedtegna av Ragnar Rindedal i samråd med sine søsken,
Audun og Solfrid.

Rindedalen er på folkemunne kalla Dalen og er plassert på Lysekloster i Bjørnafjorden kommune. I tidlegare tider vart Dalen kalla Smeadalen avdi det var ein smed som heldt til her. Med tanke på at den tunge Smeabakken gjekk forbi her, og at hestane i tidlegare tider trong hesteko, var nok smeden godt plassert her. I denne samanhengen kan det nevntast at navnet Smeabakken vert nytta den dag i dag.



*Første bilete me kjenner
til av Rindedalen. Skal
me tru notatet på biletet
er det frå 1873. På
denne tida var det Ola
Halvardsson Lunde med
familie som budde her.*

Det er dette småbruket og folket der denne historien skal handla om. Men eg vil likevel ta til med våre besteforeldre som kom frå andre småbruk, og startar med vår morfar og mormor.

Morslekta vår.

Vår morfar kom frå fattige kår i Hagavik og heitte Peder Hagevik. I unge år reiste han, som så mange andre, til Amerika for å freiste lukka. Han gjorde det godt «over there», han var mellom anna på gullgraving i Alaska. Han tok seg også land i Amerika og vart amerikansk statsborgar i året 1900.

Han må ha vore ganske velbeslått i pengevegen vil eg tru, for han tok turen tilbake til Noreg for å sjå til si gamle mor i Hagavik.

Medan han var her i landet møtte han ei fager møy som heitte Agnethe Marie Salbuvik. Ho var noko yngre enn Peder, men det vart likevel til at desse to slo seg saman for resten av livet.



*Ungdomsbilete av
Agethe Salbuvik.
Kanskje ved
konfirmasjonen kring år
1900.*

Peder ville sjølvsagt attende til Amerika, men då sette Agnethe tverrsida til, ho ville ikkje forlata gamle Noreg. Peder laut bita i graset og kjøpte då småbruket Djupvik (det er fortalt at handelen føregjekk i

1906) der dei slo seg ned. Etterkvart fekk dei elleve born, og mellom dei var ho som skulle bli vår mor, Agnethe Marie Djupvik. Kvifor dei valgte slik namnelikheit med mora, veit me lite om. Men til dagleg vart mora kalla Agnethe og dottera Marie.



Dette bilete er teke i Djupvikstova på mormor vår sin 75 årsdag i 1960.

Fyrste rekkje: Johan, mormor Agnethe, Leif og Håkon. Litt bak dei sit Karen og Olea. Heilt bak står Sylvia, Marie (vår mor), Ole og Peder. Ikkje med på dette biletet er Nelly som døydde i ung alder i 1934 og Bodil som kanskje held seg heime på Otta.

Farslekta vår.

Vår farfar som heitte Nikolai, var nok ikkje så reisevant som vår morfar. Han kom frå eit småbruk som låg under Lysekloster Hovedgård. Bruket var, som dei fleste andre på denne tida, eit bygselbruk og bar navnet Utgjerdet. Dette vart også etternavnet på dei som budde her.

Desse bruka var små og kunne ikkje metta mange munnar. Difor måtte Nikolai i unge år reisa til Bergen for å ta seg arbeid.

I den tida vart strilane sett ned på av bergensarane, så å koma til Bergen med etternavnet Utgjerdet var nok ikkje særleg lurt. Navnebyte var heller ikkje vanskeleg då, og sidan far til Nikolai bar navnet Hans, tok Nikolai like godt etternavnet Hansen.

Eg kjenner ikkje til kor lenge han arbeidde i Bergen, men medan han var der vart han gift med ei kvinne som heitte Anna Martinusson frå Evanger.

Nikolai må ha hatt eit godt ord på seg hos eigaren av Lysekloster Hovedgård, for med tida fekk han spørsmål derifrå om han kunne tenkja seg å ta over bygselbruket Smeadalen, og dessutan ta arbeid som gartnar på Lysekloster Hovedgård. Dette tilbodet takka han ja til og flytta difor med familien til Smeadalen.

Men då det ikkje lenger var nokon smed som budde her, tenkte nok Nikolai at ein måtte endra på navnet. Han tok opp att eit gammalt stadnamn kjent frå 1700-talet, Rindedalen. Bygselbruket vart difor heitande Rindedal. Nikolai og familien hans tok også etternavnet Rindedal.

Det var mykje arbeide som måtte gjerast på bruket då Nikolai og familien overtok. Det måtte mellom anna gravast ut ein kjellar under delar av våningshuset. Det vart også sett i gang dyrking slik at slåttemarka vart auka monaleg.

Her i bygda vart Nikolai kalla «Niklas i Dalen», eit kallenavn som han levde godt med.

Anna og Nikolai fekk tilsaman fem gutar som vaks opp. Navnet på desse gutane var Hans, Magnus, Olaf, Anfin og Johan. Diverre døyde Anna etterkvart i barsel i 1911. Familien hennar kjenner eg ikkje noko til.

Nikolai vart då sitjande att åleine med fem gutar, noko som ikkje var så enkelt i dei dagar. Han hadde eit arbeid å passa, og dessutan hadde han gardsbruket å stella. Gutane kunne nok hjelpa til på bruket, men det vart likevel ikkje nok. Nikolai hadde ikkje noko val, han laut finna seg ei ny kone.

Som tidlegare nevnt arbeidde Nikolai no som gartnar på Lysekloster Hovedgård og her var det også fleire tenestefolk. På kjøkenet der arbeidde ei jente frå Masfjorden som heitte Sina Haugsvær. Ho var ei

jente som visste kva ho ville. Nikolai var ein jordnær og fredsæl mann, men likevel vart det til at desse to slo seg saman og gifta seg. Sina Haugsvær vart då heitande Sina Rindedal.



Her trur me at me ser Nikolai me ljåen og Sina med riva. Biletet må vera frå ca 1912 før dei fekk første gjenta, Anna, i 1913.

Dei fire gutane på biletet vil me tru må vera frå venstre: Anfin (5år), Magnus (10år), Olaf (9år), og Karl Johan (13år). Den eldste sonen, Hans (16år) hadde vel reist til sjøss på den tida.

Då Sina kom til Rindedalen måtte det også då ordnast på våningshuset. Ho ville ha ut ei gamal grue som mellom anna vart nytta til matlaging, og istaden fekk ho sett inn ein ny vedkomfyr.

Sina og Nikolai fekk tre born, to jenter og ein gut. Det var, Anna (f. 1913), Jon Bertin (f. 1914) og Malena (f 1917). Jon Bertin, til dagleg berre kalla Jon, skulle då bli vår far.




På dette bilete frå 1915 ser me Nikolai med Jon (ca 1,5 år) på armen medan Anna (ca 2år) held Sina i handa og lurar på kva som skjer. Dei tre gutane trur me må vera f.v.: Magnus (ca 13år), Anfin (ca 8år) og Olaf (ca 12år). Dei eldste to gutane, Hans (19år) og Karl Johan (ca 16år) er då ikkje med på dette biletet, og kanskje dei alt har flytta ut frå Rindedalen.

Yngstejenta, Malena, vart fødd to år seinare, i 1917.

Frå gamalt av var det slik at den eldste sonen skulle ta over bruket etter foreldra. Men i Dalen vart det ikkje slik. Sina bestemte at det var sonen hennar, Jon, som skulle overta bruket etter henne og Nikolai.

Dei fem eldste gutane måtte flytta ut for å finna seg arbeid andre stader. Hans tok seg hyre og reiste rundt i verda på ymse båtar. Så vidt me veit døydde han etterkvart i Amerika i 1918. (Karl) Johan, reiste til Bergen der han fekk arbeide og busette seg i Sandviken livet ut. Olaf og Magnus drog til Oslo og fekk arbeid der. Dei vart verande der resten av livet. Anfinn busette seg på Osøyro der han køyrde drosje. Han døydde der ganske ung. Nokre av dei gutane som reiste lengst bort, spesielt Olaf og Hans, hadde nok litt heimlengt som breva heim til Nikolai bar preg av.



*Ein del av eit brev heim frå Hans ca 1915
der han på sin danske skrivemåte, som
sikkert var vanleg då, mellom anna skriv:*

*..... jeg vet ikke vad jeg skal skrive om vi
havde en dårlig tur denne gang fra hobart
vi mistet dækslasten og styrmanden
brækket armen sin ja nu vet jeg ikke noget
mer at skrive om.....*

*.....hilse alle gutterne. Jeg skulde likt at faa
brev fra gutterne og høre hvorledes magnus
og johan har det Olaf og Anfin er vel blevene
voksne nu.....*

*.....Min adress er Hans Rindedal
Seamans Institute, Cambre street
Hobart,
Tasmania
Australia*

Slik eg hugsar det frå barndomen hadde me ofte vitjing både frå Bergen, Osøyro og Oslo. Dette synest sjølvstas me borna var stor stas.


Både Maria og Jon var aktive i ungdomslaget i bygda, sjølv om dei også hadde arbeid heime på kvar sitt gardsbruk. Spesielt når dei ymse onnene stod på, var det mykje å gjera.

Utanom lagsarbeidet samla også ungdomane seg på ymse stader. Låven på Kalvatræ var ein populær stad i så måte. Der dreiv dei mellom anna med å syngja viser. Det ligg ei gamal skrivebok her med handskrivne tekstar frå den tida. Eg vil tru at Maria og Jon fann kvarandre i denne samanhengen.



Maria og Jon Rindedal gifta seg på nyårsaften i året 1941. Dette var under krigen, så det var nok smått med mykje. Men likevel fekk dei det til. Dei fekk busetja seg i det som vart kalla «Korsvollhytta», den låg i Sperrevik («Spørvikjo») som ligg langs vegen mellom Djupvik og Rindedal. Dei vart buande der nokre år, og medan dei budde der kom eg til verda som eldstemann i august 1943

Det eg kan hugsa frå tidleg barndom er glimt frå tida med vår morfar (Peder) og litt frå Korsvollhytta, mellom anna at det vart nytta oljelampar der. Men eg kan ikkje hugsa noko frå tida med vår farfar (Nikolai). Her kan nemnast at Nikolai gjekk bort like etter krigen i 1945, medan Peder forlet oss kring 1950. Kona hans, vår mormor Agnethe, levde lenger, men døydde i mars 1985, eit hundre år gamal.



*Ein lukkeleg far og
ei endå meir
lukkeleg mor med
vesleguten, Ragnar,
på armen i
Korsvollhytta ein
gong i 1944.*

Då Nikolai døydde måtte Sina ha folk på garden. Jon skulle overta etter henne og Nikolai og no var det også plass der. Eg kan ikkje hugsa at me flytta frå Korsvollhytta og til Rindedalen. Men det vart gjort.



*Niklas i Dalen og
gardshunden Allan i
eplehagen heime i
Rindedalen kring år
1920 trur me.*

Rindedalen.



*Gardstunet slik
det såg ut før
ca 1950 då
skykkjo seig
saman.*

Når det gjeld våningshuset her i Dalen, så er det verkeleg gamalt, dersom det er rett det som er blitt meg fortalt. Det er sagt at huset vart sett opp på slutten av attenhundretalet. Og då vart huset bygd av materialar frå eit stabbur som vart rive på Lysekloster Hovedgård

På småbruket Rindedal vart det bygd eit nytt løebygg med fjøs og låve rundt 1917. I vår oppvekst hadde me fire kyr, to ungdyr og/eller kalvar og ein gris. Her lagra me også turrhøyet til fôr for alle dyra på bruket, ja bortsett frå hønene då som «budde» i gamleløa og som fekk anna fôr.

I bygget som no vart kalla gamleløa hadde me også ein hest, 8 sauer (litt varierende) og som sagt nokre høner. Gamleløa ligg like ved bilvegen som går forbi tunet, men både på 1940- og 1950-talet gjorde ikkje det noko fordi det, bortsett frå nokre få bussar om dagen, var mest ingen bilar som passerte her.

Våningshuset var ikkje av dei store. Nede var det to rom, eit lite kjøken, eit kammers og ein liten gang. Oppe var det to soverom med ein romsleg gang imellom.

Huset var ikkje isolert og der var enkle vindauge. Når det var vindfullt ute kunne vi sjå at gardinene inne rørte på seg. Det var heller ikkje innlagt vatn her.

Det eine rommet nede var Sina sitt rom. Her hadde ho nokre møblar og ei seng. Kammeset var også Sina sitt område, her hadde ho lagra ymse saker og ting som eg trur ho hadde fått med seg frå Lysekloster Hovedgård då ho arbeidde der. Sina døydde i desember månad 1957.

Etterkvart kom det fleire born til hos Maria og Jon. Først kom bror min Audun i mars 1947 og seinare, i desember 1949, kom syster vår Solfrid. Då var me tre vaksne og tre born som budde i det gamle våningshuset. Om vinteren når det var kaldt måtte kvart rom som vart brukt varmest opp. Me borna hadde det godt, men eg vil tru at det var eit slit for foreldra våre.



*Eit av få bilete der berre
mor, far og oss tre
ungane er med. Ellers
vart det teke mest bilete
når huset og tunet var
fullt av slekt og vener.*

Ei av døtrene til Sina, Malena, som vart kalla Lillemor, var gift med Ingvald Moen. Han arbeidde på fabrikk i Øvre Årdal så dei var busett der. Så fekk Ingvald nytt arbeide på Sunndalsøra, det same firmaet hadde fabrikk også der. Firmaet heitte Årdal- og Sunndal Verk. Men i tida frå Ingvald slutta på fabrikk i Øvre Årdal og til han skulle byrja på Sunndal Verk, var dei huslause. Dermed kom dei til Rindedalen og vart buande her til dei kunne flytta til Sunndalsøra. Dei hadde ein son som heitte Tore, så i denne tida var me då ni menneskje som budde i det gamle våningshuset. Me borna hadde det godt, men i dag undrar eg meg på korleis dei vaksne fekk det til å fungera.

(Eg vasa vil eg dikta)
mel.

Revenifesten 24/3 1962.

1/ I kveld so er me samla
til fest på Kalvatræ
Vil mjøkelaget minnast
so no me har lagt ned.
Og sko da vore sjikkelig
sko kydna vore gjest
for da er no dei i takka
atte me i kveld har fest

2/

Mor vår hadde også tid til å laga gode songar som her til festen då meieriet vart lagd ned:
I kveld so er me samla
til fest på Kalvatræ
Vil mjøkelaget minnast
so no me har lagt ned
Og sko da vore sjikkelig
sko kydna vore gjest
Før da er no dei takka
atte me i kveld har fest
.....og ni vers til!

Sidan eg var den eldste av borna var det sjølv sagt at eg skulle overta bruket når så langt kom. Det var rett nok ikkje noko som eg visste om dei første åra, men alt vart lagt tilrette for det. Eg måtte tidleg vera med på onnearbeidet, gå med strengen når hesjane skulle setjast opp og med tida læra meg å køyra med hest.

Eg var nok ikkje meir enn fire år då eg gjekk med strengen fyrste gongen, og då var eg svært kry. Dette forsvann etter relativt kort tid. Men etter som åra gjekk og eg voks til, skjøna eg at arbeidet var naudsynt med tanke på drifta av småbruket.

Arbeid attåt garden.

Småbruket her kunne nok ikkje halda liv i så mykje folk som var her, så derfor måtte Jon, far vår, arbeida ved sida av. Han arbeidde i nokre år hos Gaasand Møbelfabrikk på Søfteland og der fekk han laga møblar som Maria og han hadde i heimen sin i Dalen. Seinare, eg vil tru at det var på slutten av 1940-talet, starta han å arbeida som buss-sjåfør på det som då heitte L/L Bilruta Fana – Bergen. Etter nokre år gjekk han over til å køyra godsruta («varebilen») for same selskapet. Dette treivst han godt med, men det var tungt arbeid. Her må me hugsa på at den gongen var det ikkje slike hjelpemidlar som me har i dag. Då måtte alt

gjerast med handamakt. Jon slutta som godsbilsjåfør rundt 1960 og gjekk over til å køyra drosje. Og dermed var det mest slutt på familielivet her heime. For anten var Jon på køyring, eller så måtte han sova. Men likevel likte han arbeidet svært godt og fekk med tida sitt eige løyve, både for drosje og for reservedrosje. Dette yrket hadde han til han døydde i 1972, berre 58 år gamal.

Maria, vår mor, var for det meste heimeverande, ho hadde rett nok arbeid på det lokale meieriet her i nokre år. Det var nokre timar på formiddagen og nokre timar på ettermiddag/kveld. Men sidan Jon var på arbeid eller sov heile dagen, spesielt i den siste tida hans, kvilde mest alt gardsarbeidet på Maria. Dette var kanskje ikkje det ho hadde tenkt seg, men slik vart det.

Me borna gjekk på folkeskulen som det heitte den gongen, annankvar deg. Me gjekk på skulen tre dagar i veka og hadde fri fire dagar. Jon køyrde då på godsbilen og me var av og til med han på bilen og då hjelte me til der så godt me kunne. Det hende og at nokre kameratar av oss hadde ærend i Bergen, og då fekk dei sjølv sagt vera med. Audun hugsar spesielt heimturane opp Fanafjellet i første gir og gangfart då han fekk styra medan Jon tok seg ein røyk eller to og foten tungt på gasspedalen. Rattet var stort, men sjølv Storesvingen kom dei vel gjennom.

Gardsarbeid på eldstesonen.

Som eldstemann måtte eg vera med på gardsarbeidet nokså tidleg. Spesielt når slåttonna stod på måtte eg vera med. Bruket var helst tungdrive med for det meste bratte bakkar. Nokre andre gardar hadde gjerne hestslåmaskin eller traktor til å letta arbeidet. Dei kunne også køyra graset direkte i siloen. Men her på bruket var det ikkje slik. Det var for brattlendt for hestslåmaskin og Jon ville ikkje ha nokon silo. Dessutan hadde me hest til å køyra med. I byrjing måtte me slå alt graset med ljå, og eg var vel omlag tretten år då eg starta å slå graset slik. Det vart mykje venting på at far skulle koma heim både for å bryna

og å slipa ljàen, men etter ei tid hadde eg lært meg begge delar sjølv. Då gjekk slåttarbeidet mykje betre. Dette var på den tida då Jon framleis køyrde på godsbilen.

Eg vart etterkvart også brukbar til å køyra med hest, så både møkakøyring og anna køyring fall på meg. Spreiing og harving av møka vart også mitt arbeide. Etter nokre år kom det også gras-silo i Rindedalen, og det letta arbeidet mykje. Likevel tok slåttonna til frå om lag sankthans og ut til slutten av juli.

Året 1957 kjøpte Jon ny motorslåmaskin. Dette var nokså tidleg for desse maskinane, og slåmaskina var nok ikkje av dei beste, så det vart mange reparasjonar ute i grashaugane. Men arbeidet med slåttonna vart monaleg lettare. Det vart også spørsmål frå gardane rundt omkring om me kunne koma med slåmaskina å slå graset også der. Og Jon var, som far sin, ein fredsel mann som svara ja på desse spørsmåla. Og dermed vart det for oss gutane ekstra arbeide men som me óg tente nokre kroner på. Kven som betalte for bensinen, er me ikkje sikre på.



To kjekke smågjenter som lydige og blide stiller seg opp for fotografering saman med den nye motorslåmaskina. Ingelaug frå Kalvatræ og Solfrid i Dalen.

Fotograf Audun med nytt kamera ca 1958.

Rundt 1968 vart det lagt inn vatn i våningshuset. I den samanhengen vart det også sprengt ut ein ny brunn. Brunnen synte seg å vera av bra kvalitet og leverte både rikeleg og godt vatn slik forbruket var då.

I 1969 kjøpte Jon ny motorslåmaskin. Denne maskina var mykje betre enn den gamle, så denne hadde me i mange år.

Yrkesvalet til oss tre borna.

Solfrid.

Solfrid syster vår, var nok mykje sprekare enn oss gutane. Ho vart tidleg oppteken av idrettslaget i bygda, og var aktiv i fri-idrett og handball. Ho hadde dessutan mange venninner i det miljøet. Etter at ho var ferdig på Folkeskulen gjekk på det som då heitte Ungdomskulen og etter det gjekk ho Handelsskulen.

I vaksen alder fekk ho arbeid hos Haaland Sko i Bergen. Seinare arbeidde ho i gullsmia hos Fagerthun på Os i mange år. Dei siste åra var ho tilsett hos Lyssand Treindustri. Ho er gift med Bjørn Blytt og dei bygde seg hus på ein del av Rindedalen, og tomte dei bur på er kalla Rinden. Dei har to søner, Rune og Tom, som begge har flytta ut.

Audun.

I oppveksten var begge gutane interessert i i fly og flyging. Dette fekk følgjer for begge to seinare i livet.

Etter folkeskulen gjekk Audun på realskulen. Han fekk då sumarjobb som hjelpegut i bakeriet ved Lysefjorden Handelslag. Bakeriet held til i lokala der Kafé Ole B held til i dag. Då han etter realskulen tok gymnaset, hadde han den same sumarjobben. Han vart kalla inn til militærteneste hos Kystartilleriet på denne tida. Etter militærtenesta tok han så fatt på opplæringa som flygeleiar. Då han var ferdig utdanna byrja han å arbeida med det han hadde utdanna seg til. Dette arbeidet likte han så godt at han heldt fram med det til han vart pensjonist. Han har to søner, Frode og Espen. Han er no busett på Nøtterøy utanfor Tønsberg saman med si andre kone, Mette.

Ragnar.

Eg reiste til Heddal flyplass ved Notodden i 1960 og fekk der opplæring i å føra seglfly. Kurset tok tre veker. Mange år seinare vart eg medlem i

Os Aeroklubb og tok oppatt seglflyginga i nokre år. Eg fekk óg opplæring på motorfly gjennom Haakonsvern Aeroklubb på Flesland Flyplass, men eg tok ikkje sertifikatet.

Me gutane var i fleire år aktive i Lysefjorden Musikklag, og for min del var eg også aktiv i Lysefjorden Ungdomslag. I den tida dreiv ungdomslaget med å setja opp spelstykke som vart framført ymse stader. Her kan nevast «Sjalusi» og «Pengesorger» som begge var komediar og skrive av Alf Drange. Formann i Ungdomslaget i denne tida var Alfred Sperrevik eller Alfred «Buena» som han ofte vart kalla.

Eg som var eldstemann skulle overta småbruket Rindedal. Eg tok også realskulen og deretter Stend Jordbrukskule. I 1963 vart eg innkalla i det militære. Der var eg i atten månader.

Drifta av garden.

Rindedal hadde vore eit bygselbruk tidlegare, men det vart kjøpt og dermed løyst ut frå hovedbruket Lysekloster Hovedgård i 1960 av far, Jon Rindedal. Det vart då sett i gang med å reparera både på uthusa og våninghuset.

Gardstyraren på Lysekloster Hovedgård frå 1950-talet og vidare framover var Arne Bratseth. I tillegg budde ein bror av vår mor, Johan Djupvik med familie også i ei leilighet «på hjørna» der.

Tilhøvet mellom Lysekloster Hovedgård, eller «Kløster» som garden vart kalla, og Rindedalen var på denne tida svært godt. Då far køyrde på godsbilen vart det bestemt at me skulle ha sauene til «Kløster» og Rindedalen saman på fjellbeite om sumaren. Med litt tilpassing sto godsbilen med Jon som sjåfør for transporten.

Å levera sauene på fjellbeite var ikkje vanskeleg. Dei vart køyrde opp på fjellet og der vart baklemmen på godsbilen opna. Dermed kunne sauene springa ut av bilen, noko dei også gjorde. Me såg etter at dei

fann seg tilrette og tok til å beita på fjellet. Dette tok ikkje lang tid, og så kunne me køyra heimatt.

I september månad skulle sauene heimatt frå fjellbeitet. Då måtte kvar gard som hadde sauer der stilla med ein mann til sanking. Og frå Rindedal var det sjølvsagt meg. Sauesankinga gjekk føre seg over to dagar (laurdag og sundag). Då måtte me gå opp i fjellet der sauene var og driva dei ned mot samlestaden. Det var ofte regnvær under sankinga og me var sjølvsagt kledd deretter. Det vart difor mange tunga turar i fjellet då. Det hende nok at ikkje alle sauene var med heim fyrste gongen og difor måtte me gjerne gå på ettersanking. Men dette hende heldigvis ikkje så ofte.

Dette hende då Jon køyrde på godsbilen og før eg reiste inn i det militære. Etter at eg reiste heimanfrå, slutta ein med sauer i Rindedalen.

Ragnar si soge etter 1964.

Etter at eg var ferdig med militærtenesta var eg heime eit halvt års tid. Det var ikkje arbeide få på desse kantane då, så difor reiste eg til Oslo og fekk arbeid i Televerket på slutten av året 1964. Eg tenkte som så at Televerket er landsomfattande, så eg rekna med å koma heimatt om nokre år. Medan eg var i Oslo tok eg to kurs (montør og teknikar) internt i Televerket og fekk då tittelen automat-teknikar. Medan eg var i Oslo gifta eg meg med Grethe. Etter endt teknikarkurs vart eg sendt til Odda saman med kona. Me vart verande i Odda i om lag seks månader før turen gjekk vidare til Rindedal med arbeid i Bergen.

Ei kort tid budde eg og kona heime i Rindedalen før me flytta til Åsen der me vart buande frå 1967 til 1969. Medan me budde i Åsen vart sonen Inge fødd. Kona var då reist til foreldra sine i Oslo då ho ville at Inge skulle bli fødd der.

I året 1969 flytta så eg med familie attende til Oslo. Då skulle eg gå på eit vidaregåande kurs i Televerket. Kurset gjekk over eit og eit halvt år. På denne tida vart eg skild frå Grethe, og ho fekk då ansvaret for sonen, Inge. Etter at dette kurset var ferdig, reiste eg attende til Rindedalen og arbeidet mitt ved Televerket i Bergen.

I Rindedalen hadde arbeidet gått sin vante gang med våronn, slåttonn og haustonn medan eg var borte. I sumar-halvåret var det Maria sitt arbeide å sjå til kyrne som gjekk på utmarksbeite heile sumaren på Langedalen. Dei skulle mjølkast og få litt kraftfôr attåt og då måtte ho sykla med ei «mjølkevogn» på slep. Der hadde ho dei sakene ho trong. Det var om lag ein kilometer kvar veg å sykla. Dette vart ikkje lettare med åra. Difor vart det til at eg oftast køyrde henne dit kyrene gjekk. I slåttonna vart det difor eit avbrekk ved kveldstellet.



*Slik såg det ut på
«stølen»,
Langedalen, etter at
mjølkinga var ferdig
og barnebarnet,
Frode, fekk helsa på
kua sumaren 1975.*

Etterkvart fann eg ut at denne driftsforma vart for tungvindt. Ein onkel av meg (Peder, bror til Maria) hadde byrja med ungdyr og let dei gå på fjellbeite frå midten av juni til midten av september. Han hadde ungdyra om lag eit år, og så vart dei selde til slakt. Deretter vart det kjøpt inn nye seksmånader gamle ungdyr til fôring. Dette meinte eg var

ei driftsform som passa bruket og arbeidet mitt ellers ganske godt. Etter kort tid vart me einige om at eg skulle gå inn på same ordninga. Slik vart det, og dermed vart fjøs-stellet om sumaren heilt borte, og om vinteren mykje lettare. Slåttonna vart heller ikkje avbroten.

Inge Sundvor, som då dreiv nabobruket Kalvatræ, hadde også starta med å ha ungdyr på fjellbeite. Etter ei tid gjekk eg inn på eit samarbeide med han. Saman kjøpte me ein dobbel tilhengar for hestar. Denne vart brukt til å frakta dyra til og frå fjellet.

Det kom traktor på bruket i 1972. Traktoren var av sveitsisk fabrikat og var tilpassa brattlende bruk. Livet i Rindedalen gjekk elles som vanleg. Maria stelte heime og stod for fjøs-stellet medan eg arbeidde ute på bakkane når det trongst, og ellers måtte eg passa arbeidet mitt i Bergen.

Tidleg på 1970-talet ville eg byggja nytt våningshus på bruket. Det gamle var lite tenleg og mangla både isolasjon og sanitæranlegg. Eg fekk laga teikningar og var på skogen i to vintra for å hogga tømmer til det nye huset. Tømmeret vart skore til materialar av onkel Johan i «Kløster», og huset vart bygd. Det hadde ei mindre leiligheit i kjellaren med tanke på framtida. I 1977 flytta eg og Maria inn, og då vart det eit heilt nytt liv for oss på tunet. Året etter, i 1978, skifta gardsbruket eigar då Maria skøyte bruket over til meg.

Det hadde synt seg at brunnen ikkje kunne levera nok vatn når det var svært tørre somrar. Og sidan det kunne flytta folk inn i det gamle våningshuset, måtte ein sikra at det vart nok vatn gjennom heile året. Difor vart det bora etter vatn seint på 1990-talet. Boringa var vellukka, og dermed var det sikra vatn på tunet.

Nytt giftarmål.

I 1986 traff eg ei triveleg dame som heitte Wenche. Ho hadde fire born som då var tenåringar. Det må seiast at eg var litt usikker, men alle fire

borna tok imot meg med åpne armar. Navnet deira var Jan Rune, Dag Morten, Elisabeth og Charles.

Difor gifta me oss i Lysekloster Kapell den tiende mai 1991. Då vart det bruk for leiligheita i kjellaren. Maria flytta ned dit medan Wenche og eg budde oppe.



*Den nye familien min er
frå venstre: Meg sjølv,
Jan Rune, Elisabeth,
Wenche, Dag Morten og
Charles.*

Nytt arbeid.

Medan eg arbeidde i Televerket fekk eg høve til å reisa både til China og Russland i arbeidsamanheng, men i 1996 skifta eg arbeidsplass. Eg slutta i Televerket, som no hadde bytt navn til Telenor, og tok til som lærar på Slåtthaug Videregående skole. Dette er ein yrkesretta skule med mange forskjellige linjer, deriblant elektro som eg arbeidde på. Dei hadde også tømrrarlinje, noko som kom vel med heime i Rindedalen etterkvart.

Vøling av bygningar og redusert gardsdrift.

Løebygningen på bruket var med tida blitt i dårleg stand. Det var ikkje snakk om å byggja nytt. Til det var drifta på garden altfor liten. I staden kunne ein få sett opp ein dobbel garasje der løa hadde vore, og det som

tidlegare hadde vore fjøs kunne nyttast som lager til ymse saker. Difor vart dyra levert til Lysekloster Hovedgård. Me gjekk deretter på skogen for å hogga tømmer til den komande garasjen. Men «gamleløa» vart stående og vart også nytta til lager

På 1990-talet vart det laga ny bilveg fram til tunet. Dette gjorde det lettare å koma fram til tunet. Og på 2000-talet vart denne vegen bygd vidare opp til det nye våningshuset. Det vart seinare også bygd ein carport der.

Som tidlegare nevnt var det ei tømmerlinje på skulen der eg arbeidde. Elevane der trong trening i å arbeida «ute» og det fekk dei i Rindedalen. Det fyrste arbeidet var å riva løebygningen. Deretter bygde dei oppatt den doble garasjen. Og elektrolinja frå skulen installerte lys og stikkontaktar inne.

No når løa var borte, var det ikkje lenger plass for grasfôret innomhus. Det var heller ikkje bruk for det no då dyra var borte. Austre delen av bruket vart difor lagt ut til beiteland. Det som var att, og det var ikkje mykje, vart slått og levert til naboar som framleis dreiv med dyr. Men etter som åra gjekk vart det slutt med dyr på nabogardane. Då vart det òg slutt med å slå graset i Rindedalen.

E39.

Vegvesenet skulle byggja ny veg (E 39) i nærleiken av utmarka som høyrer til Rindedalen. I den samanheng fekk eg vitjing av fleire eigedomsutviklarar som ville kjøpa delar av utmarka for å byggja mellom anna bolighus. Eg vart einig med en av dei, og selde tilslutt omlag 200 mål utmark. For pengane eg fekk for handelen vart det ordna med drenering på nyevegen inn til tunet, og våningshusa vart forbetra innvendig. Det vart bygd terrasse ved det gamle våningshuset og lagt asfalt på vegane på tunet.

Dei seinare år.

Frå tidleg 2000-tal vart helsa mi litt redusert. Eg kunne framleis gjera eit og anna arbeide på garden, men så vart eg innlagt på Haukeland Sjukehus for operasjon. Eg fekk då melding om at helsa ville, sakte men sikkert, verta verre. Og etterkvart vart det mindre og mindre eg fekk gjort.

Maria døydde i juni 2015 nær hundreogéitt år gamal. Ho hadde vore til god hjelp gjennom mange år, men dei siste åra hadde ho merka alderen ho òg.



*Wenche og
meg ein
regnfull
maidag i
2015.*

I august 2022 døydde Wenche. Eg vart enkemann og det var eit tungt slag for meg. Eg såg eit einsamt liv framfor meg, men der tok eg feil. Slekta Wenche og eg hadde saman, synte seg å vera ein verkeleg familie. Dei er ofte innom på vitjing og ser etter at alt er som det skal.

Her må spesielt nevnest Elisabeth og mannen hennar Ivar Audun Hjelland.

Jan Rune, sonen til Wenche, flytta inn i det gamle våningshuset og vart buande der nokre år. Han døydde brått i februar 2023. Medan han budde på tunet var han til svært god hjelp, ikkje minst når me dreiv og hogg ved.

Sonen min frå fyrste ekteskap, Inge, har glidd fint inn i flokken. Difor vert det ikkje rekna som to søskenflokkar, ein og fire, men ein enkelt søskenflokk på fem. Dette kom òg til uttrykk då eg ville skøyta bruket frå meg. Eg hadde tenkt fram og tilbake utan å finna ei løysing. Men så nevnte Elisabeth at ho og Ivar Audun kanskje kunne tenkja seg å overta. Dette vart emne på eit familieråd der alle aktuelle partar var med. Det vart då einstemmig vedteke at Elisabeth og Ivar Audun kunne overta Rindedalen. Ved årskiftet 2022 – 2023 vart gardsbruket Rindedal skøytt over frå Ragnar Rindedal til Elisabeth og Ivar Audun Rindedal-Hjelland.

Og med dette sluttar denne saga. Nedtegna Februar 2024.

Helsing Ragnar.



Tunet i Rindedalen ein snølaus vinterdag i 2024.
